



Notat

Anne Lise
Molvik

Saksbehandler: Arealplan/Eli Bjørklid

Vår referanse: 14/1614 - 14/19698 / Gbnr - 193/2

Dato: 01.09.2014

Emne: Gbnr 193/2 Landbruksfagelg uttale i samband med søknad om bygging av veg til eldre hytter.

Bakgrunn:

Anne Lise Molvik og Eli Bjørklid var på synfaring 29.08.2014. Føremålet med synfaringa var å få eit grunnlag for å vurdere tilhøva for landbruk på gnr.193 bnr.2 i Lindås kommune. Eigedommen ligg i Hopsdal. I gjeldande arealplan LNF område og omsynssone landbruk oL29 – med hovudvekt på spesielt kulturlandskap.

Generelt om Hopsdal:

Tilhøva for landbruk i Hopsdal er generelt gode med omsyn til jordsmonn, som er fastmark. Men eigedommane er stort sett små og terrenget bratt og ikkje like lett å drive med moderne maskinar. Fleire bruk i dalen er difor ute av drift eller med sterkt redusert drift.

Driftsforma er stort sett sau og noko hest.

Dalføret ligg nær Knarvik og det er eit mykje nytta utgangspunkt for friluftsliv både sommar og vinter.

Dalføret er eksponert mot sør, dei bratte liene representerer eit fint kulturlandskap med mange gamle detaljar som restar etter eldre bygningar, gamle steingjerder og gamle vegfar. Desse elementa er grunnlaget for å sette området som omsynssone landbruk, sjølv om landbruket i dalen er redusert.

Om gnr.193 bnr.2:

Gardskartet for eigedommen utarbeidd av Skog og Landskap og skrivne ut frå nettet 29.08.2014, ligg til grunn for vurderingane gjort i samband med synfaringa.

Kartet syner at eigedommen har 3,0da overflatedyrka jord og 5,4da innmarksbeite. Det er 14,9da skog av særskilt høg og høg bonitet, 2,2da annen jorddekt fastmark og 0,4da tun. Samla areal er 25,9da.

Eigedommen er såleis så liten at det ikkje er naudsynt med konsesjon ved ope sal. Styresmaktene kan ikkje krevje buplikt og eigedommen kan ikkje odlast.

Det er ført fram god ny gardsveg, driftsbygningen er oppgradert. Eigedommen er i drift – eigaren tek i mot hest for trening og rehabilitering.

Synfaring tok berre føre seg areala. Ein gjekk over beite og overflatedyrka jord og såg på traseen der ny veg til hyttene eventuelt skal gå. Dette er langs det gamle faret for felles veg, Rindavegen.

Synfaring viste at ein stor del av innmarksbeitet aust for tunet – 3,9da innmarksbeite i kartet, var ute av drift. Det meste av jorda på den lettast tilgjengelege delen av beitet var grave av til fjellet og deponert i haugar langs sidene av det reinska arealet. Noko stein såg ut til å vere lagt på plass i djupare parti av berget. Det var ikkje gjort klart til å sprengje. Det ser ikkje ut til at det ligg føre søknad eller løyve til å gjennomføre dette tiltaket.

På eit mindre område av dette beitet samt på 1,5da beite mot søraust gjekk hest på beite.

Overflatedyrka jord var ikkje hausta. Det var attgrodd med geiterams og anna vegetasjon, samt at det var nytta til deponi for hestegjødning og bortsetting av diverse.

Ut frå denne synfaringa må ein slå fast at dei særskilte avgrensa dyrka areala som finst på denne eigedommen, ikkje er i god hevd. Dei er til dels heilt ute av drift, og held ikkje lenger dei krava som må stillast om dei skal klassifiserast som landbruk. Dersom ikkje jorda vert ført attende på fjellet slik at det kan nyttast til beite bør arealfordelinga på bruket endrast i kartet.

Kulturlandskapet:

Det først og fremst omsynet til kulturlandskapet som ligg bak omsynssoona som er sett på kartet. Dette landskapet var i si tid prega av beiting, omfattande bruk av utmarka og omsorgsfull utnytting av dei bratte og tungdrivne areala. Gjennom dette landskapet gjekk vegane både mellom gardane og vidare til omverda. Vegfara var synlege og vel haldne.

I den moderne tida er landskapet i forfall, og dei brattaste områda er ute av drift. Dei gamle vegfara er nytta til tur og friluftsliv, medan trafikk til og frå tuna nyttar nye moderne vegar som høver for motorisert ferdsel.

På kva måte dette landskapet best skal takast i vare i framtida er uvisst. Men det er viktig at bruk som er i drift får så gode tilhøve som mogeleg for å halde fram med ein aktivitet som bidreg til å take vare på landskapet.

Konklusjon:

Synfaring viste at dei avgrensa landbruksareala som finst på gnr.139 bnr.2 var i dårleg hevd og til dels var heilt ute av drift. Eit området av innmarksbeitet var endra slik at det ikkje lenger var landbruk.

Drift med hest kan for ein stor del klare seg utan så mykje innmark eller beite. Dyra kan vere ute i avgrensa lufteområder.

Spørsmålet er då om drifta slik den såg ut på tidspunktet for synfaring, er landbruk eller om det er hald av hest.

Landbrukssakkyndig meiner det er hald av hest, som i prinsippet er uavhengig av landbrukseigedommen. Drift av landbruksareala er underordna og tilpassa hestane.

Den spesielle driftsforma som er på 139/2 krev at det er roleg i tunet, men treng eigentleg ikkje landbruksareala.

Omsynet til kulturlandskapet veg tungt i Hopsdalen. Dette ligg til grunn i arealplanen. Slik 139/2 var i drift på tidspunkt for synfaring, tek ein ikkje omsyn til landskapet og bidreg ikkje til skjøtsel av kulturlandskapet.

Framføring av veg slik det er søkt om, får lite å seie for drifta av landbruket, bortsett frå at trafikkmengda vil auke. Vegen det er søkt om vil følgje det gamle vegfarete til Rindavegen. Spørsmålet vert då truleg korleis ein skal vurdere kulturlandskapsverdiane opp mot trongen for moderne veg til fritidseigedommane det her gjeld.

01.09.14

Eli Bjørklid (konsulent)